

Nils Tveito,  
Bygdavegen 121,  
5760 Røldal

Røldal 26.08.2024

NVE v/ Jakob Fjellanger  
Postboks 5091,  
Majorstuen,  
0301 OSLO

**Høyringsuttalelse ang Røldal Suldal Kraft søknad**  
[www.nve.no/8571/V](http://www.nve.no/8571/V) f vilkårsrevisjon

Presentasjon :

Mitt navn er Nils Tveito: Eg har arbeidt periodevis for Hydro Røldal - Suldal Kraft som annleggsarbeidar .1.august 1977 vart eg tilsett som damvoktar for Hydro Energi, vestre vassdrag .Gjekk av med pensjon 1.august 2007.

Som dammvoktar i 30 år gjorde eg og mine arbeidskammeratar vårt ytterste for at allmenheten, samt grunneigarane i reguleringsområda skulle kunne ferdast trygt over dei regulerte vatn som Hydro hadde ansvar for i Røldal og Suldal (RSK). Til tider svært utfordrande.

Valldalsmagasinet , 80m regulering :

Det er mange saker som kunne belysast, men hovedpunktata mine er den ekstremt farlege adkomsten til Valldalen vinterstid. Særleg frå dammen og inn forbi Hellemorusta. Regulering av Valldalen skulle aldri kome i gang utan ein skikkeleg konsekvensanalyse på framtidig adkomst.

Båtutsetta i Valldalen er lite gjennomtenkte, ikkje farlege, men lite eigna for bruk: Ingen av båtutsetta i Valldalsmagasinet er laga på ein tilfredstillande måte. Vedlikehald er fråværande. Det må lagast skikkelige støypte båtutsett heilt ned til LRV, både ved dammen, Åsen og inne på austre Valdalen. Alle grunneigarane på austsida av magasinet som ikkje har veg må få båtutsett til kvar enkelt eigedom. Båtutsetta må det vera kraftselskapet sitt ansvar å vedlikehalda.

**Min konklusjon** etter 30 år som damvokta er at vegg tunnelar (3 stk Dammen - Grytingstølen, Åsen - Strandåna og Valdalen - Rinden) er einaste løysing forbi dei farlegaste partia.

Då vil og det store problemet med isen og trafikken på magasinet verta løyst. Særleg no med nye vertilhøve, milde og våte vintrar og aukande ferdsel.

**Altså ingen regulering i Valldalen utan sikker adkomst!**

**Då eg slutta som damvoktar i 2007 laga eg eit oppsummeringsskriv om tilkomsten i Valldalen om vinteren. Dette delte eg med den lokale leiinga i RSK. Dette skrivet viser tydeleg at det er ei umogleg oppgåva å oppretthalda trygg vinterveg over isen på Valldaldammen. Det er verdfull informasjon her som NVE må ta seg tid til å lesa. (Vedlegg 1)**

### **Røldalsmagasinet , 17m regulering :**

Underteikna eig ein skogateig i Botnalia. Etter reguleringa fekk eg store problemer med adkomsten , heile strandlinja er ei stor ur som etter 17 m nedtapping vart eit livsfarlig laussteint område. Sjølv i dag er det farlig å gå i land, både sommar og vinter pga lause steinar.

Båtopptrekka er eit kapittel for seg sjølv, direkte farleg og båtopptrekka synte seg å vera lite gjennomtenkte; ein skjenegong i bratte skråningar med bølgeerrosjon, is og snø, som gjer skade kvart år. Geografisk plassert er dei farlege, særleg for born. I austre enden av vatnet ligg båtplassen for nær utløpet frå kraftst. og ein rasfarlig nut , i sørenden ligg båtplassen ved utløpet frå Røldalsvatnet og nær eit farleg inntakshol til driftstunnelen frå Røldal til Suldal 1 Kraftstasjon.

**Eg legg ved nokre bilder som viser farar og utfordringar som eg har sett i mine 30 år på RSK(vedlegg 2).**

Beste helsing

Nils Tveito



2 stk vedlegg:

- 1: 2007 Brev til Hydro Energi om erfaringar som damvaktar i perioden 1977 - 2007.
- 2: Bilder som viser farar og utfordringar som eg har sett i mine 30 år på RSK.
- 3: Faren for å bli sugd inn i produksjonstunnellen til Suldal 1 ved båtopptrekket i Botnen.